

## Avskåkålia (gnr. 47)

Afskåkælia: Namn der første leden er innsjønamnet Avskoken. Avskoken er eit vatn som ligg opp mot fjellet og har avløp til nordre Mesna. Det eldste ein finn gardsbruket der nemnt, er det skrive Avskoken. I bygdemålet har garden i lange tider vore kalla Avskåkålia.

Det er i rekneskapsåret 1626-27 ein først finn bruket Avskoken nemnt. Johannes Lillehammer fekk da 1. bygsel på ”et stykke rugland Askoken” av landskyld 1 skinn. I 1629-30 er det opplyst at same brukaren har ”et skind i et ny oprøddet engestøkke som bruges under der”, (Lillehammer).

I 1757 er bruket kalla Avskåkælien. Det var da dåpsbarn der, og den vesle jenta fekk namnet Marit. Far hennar, som tinga dåp, heitte Even. 1765 finn ein namnet på garden skrivi Afskåkælien, og den skrivemåten vert den vanlege i lange tider. Det var da atter dåpsbarn der, ei jente Anne, og foreldra heitte Nils og Kjersti. Seinare fekk dei 2 born til: Nils f. 1770 og Marta f. 1776. – I 1795 hadde sonen Nils Nilsen gifta seg med Kari Mortensdr. og dei tok over som bruksfolk i Afskåkælien. Same året fekk dei og sonen Ola. Seinare fekk dei så dottera Kjersti, som var oppattkalla etter farmor si, seinare sonen Ole og dottera Kari.

I 1793 er det vidare fortalt at Nils Nilsen hadde fått skjøte på ”pladsen Afskokælien” av skyld 2 skinn for kjøpesum 195 rd. + føderåd til faren Nils Jensen. Same Nils Nilsen var elles død alt i 1810, og det var da skifte etter han. Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet netto 160 rd., og arvingane var, forutan enka Kari, dei tre borna Ole, Marte og Kari, som alle framleis var i live.

Frå ti år seinare går det fram at det var vorte to heimar i Afskåkælien. Lars Mortensen var da død og det var skifte i ”Nordre Afskokælien”. Ved dette skiftet vart ”gaardpladsen Afskokælien” taksert for 130 spd., og dødsbuet utgjorde netto 205 spd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Sønnøv Olsdr., dei to borna: 1. Morten, som da var myndig og kunne overta garden. 2. Sidsel, som da var 19 år.

To år seinare hadde Ole Nilsen på søre Afskåkælien gifta seg med Ragnild, og dei fekk den 17. juli 1822 sonen Kristian. Etter atter to år hadde i 1824 Morten Larsen på Nordre Afskåkælien gifta seg med Sophie, og dei fekk først sonen Lars og fire år seinare sonen Andreas.

Frå året 1800 er elles eit skjøte som her kan vera av interesse. Skjøtet er i ei samantrengt utskrift referert slik:

”Avskokken engeland og derhos liggende fiskevand.

Skjøte. Dat. 1800, april 14. Tgl. 1800, juni 17. fra Christen Jørgensen Sorgendahl til sin sønn Jørgen Christensen på Sorgendahl, av skyld 1 hud ½ skind for 799 rd. 3 ort. Med kjøpet følger engelandet Avskokken og derhos liggende fiskevand m. v. alt således som han har eiet og brukt denne gaard iflg. tgl. skjøte av 3. febr. 1767. Dessutan skal Christen Jørgensen og hustru nyde føderåd på garden.”

Ein merker seg at engelandet Avskokken altså i den tid tilhørde Sorgendal.

Kring 1837 var Peder Pedersen ei tid gardbrukar på den eine av Afskåkæli-gardane. Han og kona hans, Johanne, hadde da dåpsbarn og kalla guten Peder etter bestefaren. – Men i 1857 heitte bae brukarane i Afskåkælien Lars. Lars Olsen og Johanne Larsdr., kona hans, var da husbondsfolk på søre Afskåkælien, der dei den 11. juni s. å. fekk sonen Johannes. Samtidig var Lars Mortensen og hustru Johanne Pedersdr. husbondsfold på nordre Afskåkælien, der sonen deira, Ole, vart fødd den 23. septbr. s.å. Lars Mortensen og kona hadde ellers før fått sonen

Mathias, som i manndoms år vart brukar på farsgarden og sagmeister på Afskåkelisagen. Seinare fekk Lars på nordre Afskåkelien to søner til: Simen f. 1861 og Johannes f. 1863. Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje hos Lars Olsen i søre Afskåkelien var 1127 mål, og av dette var 29 mål jord av 1. klasse. Samtidig var dei tilsvarande tal hos Lars Mortensen i nordre Afskåkelien 74 mål og 18 mål.

Frå 1875 er eit skiftebrev der enka Johanne nordre Afskåkelien skifte mellom dei umyndige sønene sine Ole, Simen, Johannes og Anton, og kvar av dei fekk ein arvelott på ca. 68 rd. Ved dette skiftet er det elles opplyst at slåttelandet Avskokken da låg til nordre Afskåkelia, likeså eit sagbruk ved Mesnavatnet.

I 1889 gav Lars Mortensen nordre Afskåkelien skjøte til son sin Mathias på farsgarden med slåttelandet Askokken og saga for kjøpesum kr. 1 600,- + føderåd av 5-årleg verdi 800 kr. I denne summen var da medrekna lausøyre for 400 kr.

På søre Afskåkelia hadde elles i mellomtida Kristen Jensen i 1838 gitt skjøte til Kristen Kristensen. Men Kristen Kristensen selde i 1844 garden vidare til Børre Evensen Togstad. – Den 9. okt. 1851 var det skylddelingsforretning på søre Afskåkelien. Børre Evensen Togstad overdrog da sin del av eigedommen til Gulbrand Kristiansen Alm. Ved dette vart altså Afskåkelien søre delt i to bruk. Gulbrand Alm hadde ein del av garden til i 1863, da han selde Afskåkelien br.nr. 3 til Lars Olsen for kjøpesum 340 spd. Børre E. Togstad hadde Afskåkelien søre br.nr. 2 til i 1856, da Lars Olsen kjøpte også dette bruksnr. av garden. Lars Olsen hadde så Afskåkelien br.nr. 3 til i 1873, da han selde bruket til verson sin Jens Pedersen Bjerkehagen for kjøpesum 300 spd. + føderåd verdsett til 80 spd. Seks år seinare overlet så Lars Olsen Afskåkelien søre br.nr. 2 til son sin Ole Larsen for kr. 2 000,- + føderåd verdsett til 900 kr.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da nye gardsnummer og ny matrikkelskyld. – Afskåkelien i Fåberg fekk da gardsnummer 47 med samla skyld 5,68 mark, og det var da 5 bruksnr. under gardsnr. 47 Afskåkelien. Det var: a. Gr.nr. 47, br.nr. 1 Afskåkelien nordre av skyld 2,53 mark, der Lars Mortensen var eigar og brukar, b. br.nr. 2 Afskåkelien søndre, skyld 1,79, med Ole Larsen som eigar og brukar, c. br.nr. 3 Afskåkelien søndre, skyld 1,08, der Johannes Larsen var eigar ell. brukar, d. Spiten, skyld 0,17 mark, eigar ell. brukar: Kristen Kristiansen, og e. br.nr. 5 Afskåkelien søndre, skyld 0,11 mark med Lars Olsen som eigar og brukar.

I 1889 gav Lars Mortensen skjøte til sonen sin Mathias Larsen på Afskåkelien nordre for kjøpesum kr. 1 600,- + føderåd av 5-årleg verdi 800 kr. I denne summen var da medrekna lausøyre for 400 kr.

Frå år 1900 er ei tinglesei erklæring frå Ole Larsen på søre Afskåkelien om at han er tilfreds med ei erstatning på 80 kr. for den skade på garden hans som reguleringa av Mesnavassdraget førde med seg. Ei liknande erklæring ligg og føre frå Mathias L. Afskåkelien om ei godtgjersle på 450 kr. Frå 1912 er dessutan er erklæring frå Ole Larsen o.fl. grunneigarar til nordre Mesnavand, der ei gir løyve til at vatnet kan senkast 6 m. under den damstokken som da var der.

På gr.nr. 47, br.nr 4 Spiten hadde i 1886 enka Bertha Petersdtr. Gitt skjøte til Sigvard Kristensen på Kristenreppen for kjøpesum kr. 600,-, men i 1892 selde Sigvard Kristensen Ringen, som han da er kalla, denne eigedomen til Olaus Svendsrud.

Etter ajourført matrikkel frå 1904 var det da altså skjedd dei skifte at Mathias Larsen hadde overtatt Afskåkelien nordre, og Olaus Svendsrud hadde overtatt Spiten. Av handlar med Afskåkelien eller parseller av gardane i seinare tid tek vi elles med at i 1919 kjøpte Anton Olsen gr.nr. 47, br.nr. ? Bakkerø av skyld 0,07 mark, og br.nr. 7 Lyngheim av skyld 0,01 vart i 1922 selt til Kristen Sveen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det såleis vorte 7 bruksnr. under gardsnr. 47 Afskåkelien. Av desse 7 bruksnr. var det likevel berre 3 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da) Det var: a. Gr.nr. 47, br.nr. Afskåkelien med eit jordbr.areal på ca. 50 mål, der Ludvig Afskåkelien da var brukar og eigar, b. br.nr. 2, 5, 7 Afskåkelien, areal ca. 50 mål (da), der Kristen P. Rotved var eigar ell. brukar, c. br.nr. 3 Afskåkelien med jordbr.areal ca. 20 da, der Johannes Larsen var eigar og Johan Lien var brukar.